Dikteren Tor Jonson skriver at "lengsla bygde katedralar". Med den tro og lengsel Esther besitter, kommer hun til å bygge skolen sin. – For venner fra Norge som vil hjelpe oss, kan vi tilby gjentjenester som overnattingsplasser i Tallinn, forteller hun.

– Eller utveksling av barn, og hva vi ellers finner på av gjensidige prosjekter.



(foto:eg)

Tro det eller ei – her skal det bli skole!

Glem ikke uretten!

Det er lett å glemme urett som ikke rammer oss selv. Men det er noen som husker. Siden i oktober 2004 har 20–30 personer hver onsdag klokka 12–13 deltatt i en stille demonstrasjon utenfor den russiske ambassaden i Tallinn. De bærer plakater med tekster som "Fred i Tsjetsjenia!" og "Stans folkemordet i Tsjetsjenia!" Dette er en del av en bevegelse som har gått ut fra Lund i Sverige. Estere som deltar husker med takknemlighet hvordan demonstranter hver uke stilte opp foran de sovjetiske ambassadene i Stockholm og Washington med krav om frihet for de baltiske landene.

Menneskerettighetsorganisasjoner i Russland har kommet til at i de to siste krigene mot Tsjetsjenia har 250 000 tsjetsjenere mistet livet, blant disse 42 000 barn. Her er det ikke som i Asia tale om en naturkatastrofe og derfor er det heller ikke noen humanitar eller annen hjelp å få i et forhold som Moskva hevder er et indre russisk anliggende. På et 17 000 km² stort område holder Russland 80 000 soldater som skal ordne opp i dette "indre anliggendet". Noen hundre tusen tsjetsjenere er drevet på flukt. En del av dem bor i flyktningeleirer der sult og sjukdom herjer. Hele 70 % av barna har tuberkulose. (Eesti Ekspress 6.1.2005)

Beredskapsstyrker

Estland kommer ikke til å delta i EUs beredskapsstyrker, opplyste landets forsvarssjef, **Tarmo Kouts**, til *Eesti Päevaleht* 17. november. Inntil videre vil Estland konsentrere seg om virksomheten innenfor Nato. Med de begrensede ressursene forsvarsmakten har til rådighet, må esterne foreta et valg, og det er gjort politisk vedtak om å fortsette natosamarbeidet. I EU er det stor forståelse for denne beslutningen.

Når det gjelder beredskapsstyrker, tegnet det seg i løpet av høsten en interessant konstellasjon. Sverige, som nordisk stormakt, danner sentrum. Finland er nabo og naturlig partner. Ingen av disse to er Nato-medlemmer, men Nato-Norge skal tre inn i samarbeidet som det tredje landet. Her ønsket også Estland å bli med, noe som ser ut til å gå i orden. Et samarbeid nordover og vestover fortøner seg enda naturligere etter at Latvia og Litauen besluttet seg for å gå inn i en kampstyrke ledet av Polen.

Faktisk kan Estland, denne minste partnern i det nordiske samarbeidet, få en viktig funksjon i og med at det er den eneste av de fire som er medlem både av EU og Nato. Materielt sett er det imidlertid sterkt begrenset hva Estland kan yte, det har vært snakk om en håndfull soldater. (15.12.2004 jl)

Estonia-ulykka 10 år seinare

Passasjerskipet Estonia hadde gått på ruta mellom Tallinn og Stockholm i litt over eit år då det sende ut naudmelding klokka 1.22 natt til 28. september 1994. Ved avgangen frå Tallinn var det 803 passasjerar om bord og eit mannskap på 186, til saman 989 menneske. Frå den første naudmeldinga og til skipet sakk, gjekk det ikkje meir enn ein halv time. Berre 137 slapp frå ulykka med livet.

Sjølvsagt var det ei vesentleg årsak til ulykka at det var storm på Austersjøen den natta. Til dette kjem det faktum at skipet

ikkje var bygd for utanskjærs trafikk. Det har versert mange meir eller mindre fantasifulle rykte og mange teoriar om ulykka. Ein del av dei vart friska opp igjen hausten 2004. Som ein kan tenkja seg, er det skrive bøker og laga film om hendingane.

Overraskande nok kom det òg nye faktaopplysningar om Estonia. I slutten av november vart det kjent at skipet på fleire turar hadde frakta russisk "forsvarsmateriell" til Sverige. Samtidig vart det understreka at den lagnadstunge septembarnatta hadde ikkje skipet hatt slik last. (5.12.04 olm)

Utryg(de)t nonneliv

Det ortodokse klosteret på Kuremäe i Ida-Virumaa fylke huser 83 nonner og er det største klosteret i Estland. I sommer ble det klart at disse ifølge estisk lov ikke har rett til å benytte seg av de offentlige helsetjenestene. Ettersom nonner ikke mottar lønn, betaler nemlig ikke klosteret sosialskatt (arbeidsgiveravgift).

Oppdagelsen kom like overraskende på den estiske sjukekassa som på nonnene selv. Juridisk sett har nonnene hele tiden stått uten sosiale rettigheter, men ettersom ingen har vært klar over situasjonen, har de i praksis fått helsetrygdtenester på linje med skattebetalere. Klosteret har hvert år levert inn lister over beboerne, og nonnene har hatt estisk trygdekort. Men kortet i seg selv er ingen garanti for at trygdemedlemskapet er i orden, for helsetrygden er direkte avhengig av innbetalt arbeidsgiveravgift.

Prislappen på full helsetrygdforsikring for de 83 berørte ville komme på 230 000 estiske kroner i året – penger klosteret ikke har. Det er ikke myndighetene det står på, men heller manglende bevissthet om den spesielle situasjonen ulønnet klostertjeneste stiller enkeltpersoner i. Det katolske Piritaa-



Kuremäe klooster.

klosteret i utkanten av Tallinn har forhandlet fram en avtale med myndighetene om betaling av sosialskatt, men Kuremäe-klosterets økonomiske situasjon ville gjøre en tilsvarende avtale umulig å oppfylle.

Talskvinne for innenriksdepartementets avdeling for trosspørsmål sier til Postimees at problemet bør løses så raskt som mulig, og at en lovendring er nødvendig. Ideelle organisasjoner har i Estland lenge hatt uklare juridiske rammer for virksomheten. Konkrete situasjoner som nonner uten trygd, kan sette forgang i revideringen av et lovverk som enda er inne i en modningsprosess. (ØR, Postimees 01.09.04)

Frå stormherjingane i Pärnu



Januarstormane gjekk hardt ut over sør- og vestkysten i Estland. Den vesle øya Kihnu vart temmeleg rasert. Elles var Pärnu ille ute då vatnet steig tre meter over det normale. Mellom anna vart soldatar sette inn i evakueringsringa av folk i dei mest utsette delane av byen. (12.1.05 olm)

Julefly og gullsponsorer

SAS Braathens julefly gikk til Tallinn 11.–12. desember og ble en suksess også i 2004. Utenom flyet som brakte med seg ca. 80 personer i tillegg til last, hadde de ansatte i SAS Braathens samlet så mye gaver at det ble fire fulle vogntog som var sendt i forveien. Sendingen inneholdt alt mulig: klær, sko, soveposer, tegne- og skrivesaker, sykler, rullestoler, barnevogner, matvarer, godterier, julepresanger, osv. – alt gitt av SAS Braathens ansatte og deres sponsorer. Juleflyet er det 15. i rekken, og har siden 1988 gått til forskjellige destinasjoner – de to siste har gått til Tallinn. Aksjonsleder Karsten Midtun har vært med fra starten, og var en av de to SAS-pilotene som unnfanger ideen om juleflyet til vanskeligstilte i Estland.

Etter besøk hos de forskjellige mottaker-

ne av hjelpesendingene var alle samlet til en festaften på Radisson SAS hotell i Tallinn hvor gamle vennskapsbånd ble fornyet og nye knyttet.

Aksjonen fikk stor medieoppmerksomhet i Estland, og i ettertid kunne vi lese på Tallinn bys hjemmesider at Karsten Midtun under en høytidelighet i Estonia teater 23. desember ble tildelt diplom som *Kuldsponsor* (Gullsponsor) av Tallinn. Den tittelen tildeles fysiske eller juridiske personer som i løpet av året har støttet formål i Tallinn med mer enn 100 000 kroner. Av disse var Midtun på en klar førsteplass, med støtten til en verdi av 5,5 millioner estiske kroner (ca. 2,8 millioner norske kroner).

Mange nordmenn er engasjert for å hjelpe de svakerestilte i Estland, og noen av

dem har holdt på lenge og samlet inn store summer. Innsatsen går ikke upåaktet hen. Også tre norske kvinner, alle medlemmer av Norsk-estisk forening, ble denne gangen æret med gullsponsortittelen: Solveig Bergsland fra Ålgård, Solveig Nerhoel fra Oppdal og Wenche Lunde fra Oslo. De har særlig støttet arbeidet for gatebarna og sosialarbeidet som Betel-kirken (*Peeteli kirik*) driver. I tillegg til den betydelige økonomiske støtten de har bidratt med, har de blant annet organisert sommerleirer for estiske gatebarn i Norge.



Fra samlingen på Radisson SAS hotell i Tallinn. Fra venstre Karsten Midtun, SAS Braathens flykaptein, i ivrig samtale med Marika Jahilo, reklamesjef i avisa Postimees, og Juhan Haravee, Estlands ambassadør til Norge.

(foto: Berge)

Tallink på offensiven

Det estiske passasjerbåtselskapet Tallink overtar stadig større deler av trafikken mellom Tallinn og Helsingfors på bekostning av de finske Silja Line og Viking Line. På Tallinks båter er det totalt mer enn dobbelt så mange plasser som hos de to nevnte finske selskapene til sammen på denne strekningen. Suksessen har gitt blod på tann. Allerede har Tallink bestilt et nytt passasjerskip som blir selskapets hittil største. Det skal ha plass til 2800 passasjerer og 1130 meter kjøretøyer. Avtale om bygging ble underskrevet med Aker Finnyards i oktober, og skipet skal leveres våren 2006. Prisen er 2,6 milliarder EEK.

Som kjent går Tallinks passasjerskip også mellom Estland og Sverige. Der trafikkerer nå Victoria I og Regina Baltica. Meningen er til sommeren å sette inn Romantika her i stedet for Regina Baltica slik at det blir to likeverdige skip på strekningen.



Mindre vellykket var forsøket med ferja Fantaasia i rute mellom Tallinn, St. Petersburg og Helsingfors. Russerne fordoblet havneavgifta og det var problemer på grunn av visumbestemmelsene mellom Russland og de to EU-landene Estland og Finland. Dessuten er vinteren alltid en slapp periode på Finskevik. Er det kaldt nok, kan det bli store ishindringer. Fantaasia ble derfor tatt ut 2. januar og skal trafikkere på Middelhavet. Om noen måneder vil Tallink vurdere om de skal gjøre et nytt forsøk på trepunktsruta rundt Finskevik. (5.1.05, ay)

Politisk skoletur?

Et tilstrekkelig antall utenlandske observatører stille opp og Ukraina fikk ved andre forsøk valgt en ny president. Også nasjonalforsamlingene rundt om så et ansvar. Av Estlands 101 parlamentsmedlemmer drog 26 for å påse at valget gikk riktig for seg, dvs. at russerne og de russlandsvennlige ikke skulle få anledning til å bedrive valgfusk. Det er et interessant fenomen at de vi sympatiserer med aldri jukser.

Parlamentet i Latvia, som ligger et hakk nærmere Ukraina, sendte 5 representanter, og Litauen, som ligger enda nærmere, sendte 6. De alltid nøkterne finnene sendte én – 1 – representant for Riksdagen. (ay)

En kalkun å plukke


En travel førjulstid er det stort behov for isesongarbeidere. Fra Estland drog 187 personer til Irland for å delta i kalkunslaktning og -pakking. De kunne rapportere om hardt arbeid 11 timer per dag i tre uker. Kalkunene skulle renses, fryses, pakkes og sendes ut til butikkene. Kalkunene kom seilende på løpende bånd. Bare i begynnelsen gikk båndet litt langsommere så esterne fikk tid til å bli vant. Mange av esterne forsøkte å maksimere fortjenesten ved å ta med seg mat hjemmefra – hermetikk og brød. En nettofortjeneste på 15 000 eek var etter estiske forhold bra lønn, så det kan bli rift om de irske arbeidsplassene når det nærmer seg jul igjen. (ay 29.12.04)

Mer å verne

To estiske objekter ble i 2003 satt på UNESCOs liste over verdens kulturarv. Det var kulturen på den lille øya Kihnu og sangfestivalene. Det har gitt mersmak, så kulturdepartementet satte i høst i gang arbeidet med en presentasjon av setufolkets kulturtradisjon. (Pm 13.10.04, jv)

Sørestisk som regionalspråk?

Estlands-nytt nr. 1, 2004 hadde ein rapport frå konferansen om språk og identitet i Sør-Estland. Eit av spørsmåla som vart drøfta der, var kva juridisk status det sørestiske språket skulle ha. Dette blir diskutert vidare av ein statleg ekspertkomisjon. Den skal under leiing av kulturminister **Urmass Paet** m.a. vurdere om det er tilrådeleg å gi sørestisk status som regionalspråk og dermed rett til vern som språkleg minoritet.



Urmass Sutrop

Emnet set sinna i kok på fleire frontar. Det er viktig å avgjere om det gir meining å snakke om eit eige språk framfor ein dialekt. Det gjer det ikkje, seier i alle fall direktør for Instituttet for estisk språk, **Urmass Sutrop**. Han hevdar at det dreier seg om sørestiske dialektar innanfor det estiske språket, og er redd russiske interesser kan utnytte ein eventuell minoritetspråkstatus til å undergrave den posisjonen estisk har som einaste statsberande språk. Han meiner vidare at det å definere sørestisk som eige språk, samstundes ville definere sørestarar som ikkje-estiarar. Kommissjonsmedlem og ekspert i europeisk rett, **Mart Nutt**, er ikkje samd i dette. Slik han ser det, er det opp til kvart land å definere dei språklege tilhøva sine, og det treng ikkje å fungere på same måten alle stader. Som døme dreg Nutt mellom anna fram bokmål og nynorsk i Noreg.

Sulev Iva, ordboksforfattar og tilsett ved Võru-instituttet, tykkjer at det er viktig å få juridisk vern. – I dag står sørestisk utan noka støtte i lovverket. Samstundes har vi ein sosiolingvistisk situasjon som tilseier at dialektar ikkje kan overleve i eiga kraft, seier Iva til Estlands-nytt. (ØR)

Interesse for dialektane

Etter initiativ frå den allsidige kulturpersonen **Mark Soosaar** blir det frå årsskiftet laga sendingar på kihnudialekt i Pärnu-studioet til den estiske rikskringkastaren Eesti raadio. Innslaga, som i prinsippet skal vera daglege nyhendesendingar, blir sende på den populære Vikerraadiofrekvensen. Dermed kan alle som skur på radioen til rett tid om morgonen høyra vèrmeldingar, oppdateringar om skipstrafikken og fargerike hendingar frå Kihnu og naboøya Manija, alt på syngjande Kihnudialekt. Røystene som presenterer stoffet for lyttarane, tilhøyrrer to jenter frå Kihnu som er elevlar ved vidaregåande skule i Pärnu. (6.1.05, olm)

Estisk i Vilnius

President **Arnold Rüütel** var i oktober på statsbesøk i Litauen og hadde med seg undervisnings- og vitenskapsminister **Toivo Maimets**. I denne forbindelse ble den estiske avdelinga ved universitetet i Vilnius offisielt åpnet. Faktisk kom undervisningen i gang allerede i undervisningsåret 2002–03. Den estiske staten bidrar selv til prosjektet og har sendt **Tiina Kattel** til Vilnius som lektor i estisk språk og kultur. I høst fikk hun 16 nye studenter som kombinerer litauisk og estisk. Det høres litt rart ut ettersom språkene er helt forskjellige, men for så vidt er det riktig og viktig å konsolidere det egne for å forstå det fremmede bedre. (jv, okt 2004)

En liten statusrapport fra Tallinn

Av Ann-Elin Slettahjell

Som mange vet ble Task Force -prosjektet (Task Force on Communicable Disease Control in the Baltic Sea Region) avsluttet 5. juli. Huset står ferdig, og det er blitt riktig fint, synes vi. Personalet er stolt av sykehuset og de er glade for å jobbe her. Men det er mye som mangler på at standarden er god på forskjellige nivåer og områder.

Lovisenberg Diakonale Sykehus i Oslo er på banen med et ADL-prosjekt, dvs. dagliglivstrening for slagpasienter. Vi venter det andre besøket fra Lovisenberg i morgen. Det kommer et slagteam med fysioterapeut, sykepleier og hjelpepleier. De skal være i avdelingen til fredag. De skal være med i stell og veilede personalet. Dette er vi glade for. Det trengs så inderlig at noe blir gjort for slagpasientene. De har ikke mange tilbud og passiviteten er stor. Menneskesynet her jobber vi med, det skal endres til helhetlig, og det tar tid.

Sjefssykepleier og sjefsfysioterapeut fra

Lovisenberg kommer onsdag. De skal prøve å måle endringene, de har utarbeidet et måleinstrument, og det blir spennende! Vi trenger måleinstrumenter i slike prosjekter.

Vår kjære Ingeborg psykolog har vært her denne uken. Hun er kjempedyktig. Takk til Knut F. som fant henne på sommerleiren på Langedrag i 2003. Hun er en gave til huset her og til oss. Hun får god kontakt her, er åpen og ærlig, og kaller en spade for en spade. Jeg har fått masse hjelp av Ingeborg. Denne uka da vi startet med lederkurset, var vi ganske leie begge to. Går det framover i det hele tatt når det gjelder endringer i organisasjonen? Vil personalet være med på dette? Forstår de hva det handler om? Masse spørsmål satt vi med i starten.

Uka har gått, og mange prosesser er i gang. Det har vært både sinne og tårer, men da kurset var over, var alle enige om at her skjer det ting, og her vil vi fortsette. Kulturfor-skjeller og tenkning sitter dypt, dypere enn vi hadde tenkt, men nå tror vi på endring.



Fra utdelingen av vitnemål til ansatte på Diakonisykehuset. Fra venstre Ann-Elin Slettahjell, hygienesykepleier Bjørg I. Normann fra Lovisenberg, Åse Snøtun, forstanderinne MSH, og Harald Siem fra helsedepartementet i Oslo.

Fredag morgen hadde vi sykepleiermøte der det ble fokusert på faglig dyktighet. Jeg tror at når vi nå har etablert ledergruppen og lederne tar ansvar, så blir det mye morsommere å jobbe her og endringene skjer på flere nivå. Vi skal lage "regler" for mot-tak av studenter /elever på mandag. Regler er noe de liker godt i dette systemet. Vi har snakket igjennom dette og de ser nå at det kan være godt å ha et arbeidsredskap.

Når det gjelder rollemodellene, så var de også kommet til et punkt der spørsmålet var: Hjelper dette noe? Vil de dette? Vil personalet jobbe sammen med rollemodeller? Dette er også nå tatt opp og overraskelsene er store på begge sider. Det som har vært problemet, er at ansvaret hele tida har sittet hos én person. Nå blir ansvaret fordelt, og vi hjelper dem til å se ansvaret og ta det.


Dette er endringsledelse på sitt beste. Endringsledelse er vanskelig overalt, og ikke lettest her i dette gamle systemet. Men vi er optimister. Ingeborg ønsker å fortsette neste år, for nå skjer det noe, som hun sier. Takk til Ingeborg.

Det er viktig nå å fokusere på hva sykepleie er og hvor ansvaret ligger. Sykepleierne må settes i stand til å ta sykepleiefaglig ansvar. Denne prosessen er gøy, men kan til tider kreve litt mer tålmodighet enn det som finnes i eget sinn.

Marit L. kommer i kveld. Hun driver og jobber med sosialarbeideren for å aktivisere pasientene. Hun er i gang med silkemaling og har allerede solgt kort med silkemaling for mer enn 3000 EEK. Helt fantastisk! Dette hadde de ikke noen tro på her, men nå ser de at det går an. De selger kort til pårørende og til gjester fra Norge. Kortene koster 15,00 NOK, og pengene skal gå til ståltraller.

I morgen, mandag, skal vi ha møte med sosialarbeider Jutta, og Marit skal starte opp til faste tider på avdelingene med aktiviteter. Det er godt å gjøre noe annet enn å kaste ball hver dag.

Hygienen er bedre, lukta er borte, pasientene blir vasket til en viss grad. Rengjører-



Sykehusprest Tanel Ots under avslutningen av Task Force -prosjektet 5. juli 2004.

ne vasker reint og kjøkkenet er topp. Det er masse å glede seg over. Så spør vi oss selv: hvilke krav har egentlig det estiske folket? Er det våre krav som er viktig?

Vi har en pårørende som kommer hver dag og mater sin mor. Han hilste jeg på en dag, og han var så fornøyd over at mora fikk være her på dette gode sykehuset. Dette må være det beste sykehuset i Europa, mente han. Flott tilbakemelding, men estere flest ser nok ikke behovet for god sykepleie enda. Vi får bare fortsette i tro på at dette skal vi, for det tror vi. Be for oss, det trenger vi!

Tallinn, 31.10.2004.

Hilsen "nonnene i Tallinn".

Er du interessert i kort fra diakonisykehuset, så tar Marit Laderud imot bestilling: tlf. 61256936, mob. 99276345, og i Estland +372 5396 9565.

KULTUR

Jakob Tamm (1861–1907) kom frå Nõo kommune eit par mil frå Tartu. Familien hans arbeidde på eit lokalt gods. I 1881 fullførte han lærarutdanninga ved den russiskspråklege lærarskolen i Tartu med utmerkte karakterar. Han var særleg interessert i russisk og tysk litteratur og estisk folkedikting, og han vart kjent som ein svært dyktig litteraturlærer. Som forfattar skreiv han songar og dikt. Særleg framstående var han som episk lyrikar med utgangspunkt i folkeminne og folkedikting. Han gjenskapte fleire estiske folkeeventyr i verseform. Tamm skreiv



Jakob Tamm.

mykje for born, og skilde seg ut frå den samtidige barnelitteraturen med livsnære skildringar i staden for den tradisjonelle moralismen. Han var òg ein verdsett omsetjar, og gjendiktingane hans av dei klassiske fablane til russaren Ivan Krylov vart ein del av den estiske litteraturarven.

Motiv som gjekk att i diktinga hans var nådeløysa og havesjuka til dei tyske godsherrane og lakeiane deira. Diktet Trælesteinen (*Orjakivi*) byggjer på ei segn knytt til ein særeigen stein som turistar den dag i kan sjå ikkje langt frå Tõrva i Valga fylke i Sør-Estland.

Jakob Tamm: Trælesteinen

Litt unna Helme-godset ved landevegens rand står ein stein så stødig på grøftkantens sand.

Og når ein framand vandrar stoppar for å sjå eit sete-merkje ser han i harde steinen grå.

Han kallast trælesteinen det namn han enno ber; og slik går saga om han som folkemunn fortel:

Ein træl på Helme-godset reint frå vitet gjekk og frå dei slemme sveper rømde han sin veg.

Miskunn fanst det ikkje hjå futen, streng og hard han søkte kvile ute slik hans siste krefter bar.

Ein lekam full av flengjer, svepefår og blod han lengta berre etter ein stad å døy i ro.

Som kreftene tok ende og føtene gav opp, stod harde, kalde steinen framfor den slitne kropp.

Og der på denne steinen seg sette mannen ned så han kunne møte døden der, i fred.

«Å, den fæle futen!» skreik det innanfrå. «Og hjarta hans som steinen eg no har sett meg på!»

Men, å sjå, eit under hende der og då. Han kjende rett som var det ei pute han satt på.

Famlande, i ørske strauk tanken hugen hans: «Og eg som trudde miskunn no ikkje lenger fanst.

Men når ein slavedrivar gjer hjarta sitt til stein, gjer steinen sjølv seg tvrt om god og mjuk og rein.»

Og som han hadde tenkt det, ned seig hovudet. Å, så søt var svevnen som kom og gav han fred.

Og då leitelaget omsider trælen såg, dei lyfte kalde liket frå steinen der det låg.

Men ikkje ville undring nokon ende få, eit sete-merkje var det i harde stein å sjå.

Gjendikting ved Øyvind Rangøy



Trælesteinen.

Estisk avdeling på Det flerspråklige bibliotek


For estere i Norge er det ingen grunn til å glemme kulturen eller språket. På det flerspråklige bibliotek (DFB) i Oslo finnes det litteratur på estisk. Du får tak i bøkene ved å henvende deg til biblioteket der du bor. Du kan bestille fra ei lang liste og velge fritt blant klassikere og nyere navn. Ønsket ditt blir fra det lokale biblioteket formidlet videre til Det flerspråklige bibliotek, og du får de bøkene du ønsker i løpet av få dager – så sant de ikke allerede er utlånt.

Estlands-nytt tok turen til Det flerspråklige bibliotek i desember og fikk en orientering av spesialbibliotekar Päivi Särkelä. Hun kommer opprinnelig fra Finland, men har i mange år bodd i Norge og arbeider på DFB som er tilknyttet Deichmanske bibliotek, det kommunale biblioteket i Oslo. Päivi har ansvaret for en hel rekke språk, blant disse estisk og finsk. Da vi møtte henne før jul, holdt hun akkurat på med å katalogisere de sist innkomne bøkene fra Estland. På nyåret vil dette arbeidet være ferdig og bøkene tilgjengelige for kundene.

– Vi har ca. 600 titler for voksne og 150 titler for barn på estisk i dag, forteller Päivi.

– Samlinga inneholder såvel klassikere som samtidslitteratur, med vekt på den nyeste litteraturen, en del populærvitenskapelige bøker og det vi har klart å fange opp av norsk litteratur oversatt til estisk. Der konkurrerer vi med Nasjonalbiblioteket som i motsetning til oss ikke driver utlån. Anskaffelse av estisk litteratur oversatt til norsk er en oppgave som andre bibliotek enn DFB tar seg av.

– Det eksisterer en utvekslingsavtale mellom Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling) – og nasjonalbibliotekene i de baltiske land. Det flerspråklige bibliotek nyter godt av denne ordninga og får tilsent bokpakker på estisk én til to ganger i året. Bøkene vi får er stort sett skjønnlitterære verk. I det siste har vi dessverre ikke mottatt barnelitteratur. Jeg



Bibliotekar Päivi Särkelä viser fram den estiske avdelinga. Samlede verker av Anton Hansen Tammsaare på hylla og en moderne roman av Kaur Kender i hånda illustrerer spennvidden. (foto: tf)

vet ikke om det er noe å gjøre med det. Barna er en viktig lesergruppe. Særlig er bøker viktige for barn som bor langt borte fra språkmiljøet sitt. Det hjelper dem å holde språket sitt ved like. Det er ikke på budsjettet vårt satt av midler til innkjøp av bøker på estisk, så vi er avhengige av de gavene vi får.

– Bøkene blir katalogisert her hos oss og deretter distribuert til folkebibliotekene i hele landet. De som ønsker å låne bøker, henvender seg til sitt eget lokale bibliotek som formidler lånet til kunden. Vi lager lister over bøkene, og listene kan du finne på www.dfb.deichman.no, bibliotekets hjemmeside. Tilvekstlister legger vi ut etter hvert som vi katalogiserer nye bøker. ■

frå side 1 Korleis estarane fekk språket

Den uralske språkfamilien har ei hovudgrein som heiter finsk-ugrisk, og der finn vi mellom anna ungarsk, samisk, finsk og estisk. Ei grein av desse, som omfattar nokre nærskyldte finsk-ugriske språk rundt Austersjøen, kallar vi austersjøfinsk. Her finn vi både finsk og estisk, saman med fleire små språk som i dag er trua av utrydding.

Den estiske emeritusprofessoren og språkmannen **Huno Rätsep** (f. 1927) har skrive ein kjend artikkel om korleis estisk vart til. Der viser han utviklinga frå eit sams austersjøfinsk språk som vart tala for



Huno Rätsep.

om lag to tusen år sidan og fram til moderne estisk. Detaljane i framstillinga ville krevje ein del plass, men nokre av hovudpunkta kan vi nemne.

Austersjøfinsk delte seg først i tre hovudmålføre: ei nordleg, ei austleg og ei sørleg gruppe. Estisk stammar liksom det vesle utryddingstrua språket livisk, som blir tala av nokre få personar i Latvia, frå den sørlege gruppa. Denne gruppa delte seg igjen fort i tre. Livisk gjekk sin eigen veg, og i tillegg oppstod det store dialekt-skilnader mellom nordestisk og sørdestisk.

Om vi skal nemne nokre endringar som deretter kom til, og som vi finn att i all estisk, men ikkje i finsk, kan vi først ta bortfallet av vokalar, og dermed av stavingar. Etter måten det skjer på, kallar språkfolk det anten for apokope eller for synkope. Med apokope har estisk fått ord-

former som *laps* (barn) og *mets* (skog) der det på finsk heiter *lapsi* og *metsä*. Synkope er vokalbortfall inne i orda. (Vi nemner at begge typar bortfall finst i mange språk. I store delar av Noreg seier folk å *kast*, og vi skriv *støvlar* (ikkje 'støvelar'). Slike bortfall gjer at estiske ord gjerne er tydeleg kortare enn tilsvarande finske. Ein annan viktig overgang var palataliseringa, som vil seie mjuk uttale av visse konsonantar. Uttalen er eit slags overføring frå ein *i* eller *j* som sidan kan ha falle bort. Orda *palk* (bjelke) og *palk* (lønn) har såleis ulik uttale fordi dei er apokoperte former av tidlegare 'palki' og 'palka'. (Lydleg sett har vi også palatalisering i norsk, jf. trøndsk 'hainnhoinn i bainn'.) Då desse og andre særutviklingar var førte til endes – saman med ein god del utskifting i ordtilfanget – hadde estisk alt fjerna seg frå finsk (om lag like langt som norsk frå islandsk).

Ein annan viktig faktor i utviklinga av estisk er påverknaden frå framande språk. Særleg har tysk påverknad hatt mykje å seie. Den finn vi både i form av lånord, omsetjingslån og konstruksjonar. Mellomlågtyisk åleine har gitt om lag 15 % av det grunnleggjande ordtilfanget i moderne

Likskap og skilnad

finsk	estisk	norsk
yksi	üks	ein, ei, eitt
kaksi	kaks	to
kymmenen	kümme	ti
sina	sinä	du
metsä	mets	skog
metsässa	metsas	i skogen
hyvä	hea	god
palkka	palk	lønn
koulu	kool	skole
rouva	proua	frue
puhelin	telefon	telefon
lääkäri	arst	lækjar

estisk. Reknar ein i hop alt av germanske lån, utgjer dei over 40 %. I enno eldre tid veit vi at dei baltiske språka (som både latvisk og litauisk stammar frå, og som er indo-europeiske språk utan skyldskap til estisk) òg har stått for viktig påverknad i form av lånord.

På 1800-talet hadde alle dei estiske dialektane funne si form, men skriftspråket var framleis lite standardisert. Den nasjonale oppvakninga kombinert med betre utdanning for vanlege folk førte til at desse skilnadene i dag på langt nær er utjamna. Moderne estisk er eit temmeleg normert skrift- og talemål som i hovudsak byggjer på målføre frå det sentrale Nord-Estland. Estisk med om lag ein million brukarar er det minste av dei tre finsk-ugriske språka som har status som offisielt språk i ein sjølvstendig nasjonalstat. Dei to andre er finsk og ungarsk. Eit trist faktum er det nok òg at desse tre er dei einaste som ser ut til å ha nokolunde sikre framtidsperspektiv.

Dette var eit språkvitskapleg svar på spørsmålet om kor estisk kjem frå. Eit anna svar finn vi i ei legende om "språk-koking". Legenda er nedskriven midt på 1800-talet av den estiske legen og litteraten **Friedrich Robert Faehlmann** (1798–1850).

Menneska hadde aukast og dei første bustadene hadde vorte for tronge, mest av di folk ikkje kunne semjast med kvarandre. No ville Vårherre at dei skulle breie seg ut over jorda, og han leidde kvart folkeslag til sin særskilde bustad. For å gjere dei meir framande for kvarandre, gav han kvart folk eigne lyster, skikkar og språk og namn. For å få til dette valde han ein dag då alle skulle kome til Blåfjellet, òg kjend som Kjeleffjellet, for ta imot eigenskapar, namn og språk.

Vatn og eld er fiendar, baa freistar å gjere ende på einannan. Om nokon lét den eine sigre, gir ikkje taparen seg utan motstand. De har høyrte og sett korleis vatnet som pinest i kjelen først klynkar og klagar med ynkelege kvin, før det samlar kreftene og brusar av all makt. Dette gjorde Vårherre,



Friedrich Robert Faehlmann.

for av lyden og rørslene vatnet lagar når elden piner det, ville han gi kvart folk sitt språk, namn og lynne.

Vårherre tok til å gjere klart alt tidleg om morgonen, så kvart folkeslag skulle få sin del. Han fyra godt opp, og stilte opp gryta med vatn i. Han var knapt ferdig med dette då eit folkeslag alt var der på plass, ivrige, raske og opplagde. „Sjå der ja, de er tidleg oppe, de er eit folk eg har hugnad i! Men det kokar ikkje i kjelen enno; kva skal eg gjere så de blir nøgde? Eg vil ikkje hefje dykk. De lyt kalle dykk det første folket mitt, og mitt eige språk får vere språket dykkar.”

Difor har det estiske folket æra av å kallast Vårherres fremste folk, tale hans eige språk og vere fri for alle eigenskapar som Gud meiner er styggelege og ei bær for menneska. Etter den avgjerda gjekk estarane heim, heidra av alle.

Dermed har vi to versjonar av tidleg estisk målsoge, og lesaren kan sjølv avgjere kva versjon ho likar best. Det høyrer med til legenda at ikkje alle folk var like tidleg ute som estarane, og verst gjekk det med latviarane. Dei kom reint for seint og fekk berre det Vårherre skrapa i hop av restar i botnen på kjelen. ■

från s. 44 *Estnisk utrikespolitik*

Selters (estnisk utrikesminister 1939) egen version gick ut på att han fick en inbjudan till Moskva för att skriva på ett handelsavtal och att det sovjetiska kravet på baser i Estland oväntat framfördes när han väl var i Moskva. I verkligheten bad Selter själv om en invitation till Moskva, väl medveten om vad som skulle komma, i avsikt att därigenom få ett bättre avtal om baserna. Hade den estniska regeringen valt en annan strategi hade man förmodligen kunnat fördröja avtalet om baserna någon tid.

Ett sådant positivt intryck av Ilmjärvs arbete förstörs dock av hans insinuanta stil där så gott som alla estniska politiker förutsätts ha orättfärdiga motiv för sitt handlande. Och ibland skriver Ilmjärv saker som man undrar om han verkligen menar. Sålunda skriver han om reaktionerna på överenskommelsen om de sovjetiska baserna: "Arbetare, aktiva i fackföreningar, personer med vänsterideologi och kommunister som hade lidit under autoritärregimens repressioner, var positiva till paktens". Med "repressioner" menas i det estniska språkbruket vanligen deportationer till Sibirien eller åtminstone att man blir uppsagd från ett (bra) arbete av politiska skäl. Och enligt vad Ilmjärv skriver är alltså "arbetarna" i Estland "represserade" under andra hälften av 1930-talet, en ekonomiskt framgångsrik tid i Estland. Ännu värre är det med bönderna: "merparten av bondebefolkningen hade vanligen ingen erfarenhet av regeringens repressioner och begrep inte dess in- eller utrikespolitik". Bönderna var tydligen så pass dumma att de inte begrep politik, men åtminstone en del av dem var också "represserade". Saken är inte stort bättre med "borgarklassen" som enligt Ilmjärv "var glada över handelsavtalet med Sovjet som erbjöd borgarklassen möjlighet till ökade inkomster". Detta är alltså inte ett citat från 1970-talet utan någonting som en historiker publicerar av fri vilja år 2004! Tyvärr leder hans sätt att använda begrepp som arbetare, bönder och borgare helt klart

tanken snarare till 1970 eller möjligen 1800-talet än 2000-talet.

De mest kontroversiella – och omfångsmässigt dominerande delarna av Ilmjärvs arbete – handlar om Konstantin Päts och den sovjetiska aggressionen 1939-40. Ilmjärv visar att Päts – som under 1920-talet var verksam som affärsman och starkt intresserad av handel med Sovjet – hade ganska täta förbindelser med den sovjetiska ambassaden. År 1930 gick han – enligt dokument i ryska arkiv – med på att, mot en mycket frikostig honorar, verka som juridisk konsult vid den sovjetiska handelskammaren. Ilmjärv lyckas visserligen inte dokumentera några utbetalningar, men det verkar troligt att någon summa betalades ut år 1930. Ilmjärv gör vad han kan för att påvisa dels att kontakterna mellan Päts och Sovjet skulle ha fortsatt, dels att Päts kontakter med den sovjetiska ambassaden hade betydelse för hans beslut senare, vid maktövertagandet 1933 och 1939, utan att lyckas bevisa någonting alls. Han för också resonemang om alternativa förhållningssätt under den kris som rådde från hösten 1939 till sommaren 1940 och menar att Estland, om regeringen hade fört en annan politik, hade kunnat bevara landets självständighet. Läsaren begriper dock inte hur detta skulle ha gått till. Däremot har han möjligen en poäng i att man borde ha protesterat klarare mot den sovjetiska ockupationen sommaren 1940. Vi vet naturligtvis inte hur den sovjetiska reaktionen, och utvecklingen därefter hade blivit, men den estniska självkänslan i dag hade kanske varit bättre.

Reaktionerna på Ilmjärvs bok har blivit blandade, flera historiker av facket underkänner stora delar av hans resonemang, men pressreaktionerna har till stor del varit positiva. I flera debattartiklar har Päts pekats ut som förrädare och förmodligen tror många tidningsläsare att så kan ha varit fallet. Ilmjärv själv har dock inte vågat föra fram någon sådan beskyllning, och har absolut inte lyckats göra detta troligt. (AR nov. 2004)

Estisk kafé og konditori i Oslo

Siden mai 2004 har Kafé Kakefabrikken vært i virksomhet i et koselig lokale på hjørnet av Hammergata og Maridalsveien i Oslo. På samme adresse hadde det vært konditori før, men det hadde vært stengt i en årrekke. Så kom det noen driftige damer fra Estland og fikk sving på sakene.

Katrin Kõluvere har bodd bare knapt et år i Norge. Hun kom til Oslo sammen med den norske ektemannen, Erik Bergen, som er medeier i kafeen. Den tredje i kompaniskapet er Svetlana Malkova. I perioder hjelper Katrin Aedma til med kundebetjeningen. Hjelp behøves, for stedet holder åpent 10–19 alle dager i uka.

– Vi lager alle kaken selv og introduserer estiske konditorvarer, forteller Katrin eierstolt. Dette forklarer samtidig den innbydende duften som slår imot oss. Katrin syns norske konditorier har et ensidig utvalg fordi de bruker de samme leverandørene. I Estland er det mer variasjon. Etter hvert som varene hennes blir kjent, opplever hun at det kommer bestillinger på estiske spesialiteter, så nordmennene er ikke helt håpløse i kakeveien.

Inne på kafeen møtte Estlands-nytt pensjonisten Rolf Martinsen fra Bjølsen over en duftende kopp kaffe. Bedre kaffe får en ikke i Oslo! Martinsen stikker innom hver dag og har smakt seg gjennom flere av de lekre kaken. Favoritten er cappuccinokake, men innimellom lar han seg friste av andre spesialiteter. Det er nok å velge i – bringebærbløtkake, sjokoladejordbærkake, sacherkake, tiramisu osv.

Utvalget omfatter også alle slags småkaker, eller "cookies" som det står ved mange av varene. Da vi var innom i desember, satte julebaksten med pepperkaker i alle fasonger et sterkt preg på utvalget. Katrin opplyser at nordmenn er svært tradisjonelle i kakevanene, så bløtkake og marsipankake og napolconskake ble straks etterspurte varer. Nå har hun i tillegg fått innarbeidet en del estiske spesialiteter.

Til disse spesialitetene må vi vel regne utvalget av fylte pannekaker. De fins både i salte lunsjutgaver til 35 kroner og i søte dessertvarianter til 25 kroner. Bagetter og minipizza har like ens funnet sin plass på menyen. Med det aller første vil Kakefabrikken tilby "dagens suppe".

Stikk innom Hammergata 1 om du er i Oslo. Vil du bestille noe fra Kakefabrikken, er telefonnummeret 47 41 46 41 eller 90 76 79 00. Brødet deres er også fantastisk godt. Foreløpig baker de ikke estisk rugbrød, men den dagen kan nok komme. (tf)



Estiske kakedamer: Katrin Kõluvere og Katrin Aedma.

Kulturformidlaren som potet

Kjell Fredrikson (56) er norsklektor ved Avdeling for skandinavistikk (Skandinavistika osakond) ved universitetet i Tartu. Han er ein cand. mag. som gjennom livet har samla seg mange fag i fagkrinsen – mellom andre både finsk og norsk. Det kan kome godt med, for som einaste nordmann ansvarleg for norskundervisninga blir han som ei potet – han må brukast til det meste. Tekst og foto ved Øyvind Rangøy.

Sidan byrjinga av 90-talet har det vore mogleg å studere norsk i Tartu. Saman med svensk og dansk har det vore eitt mogleg hovudemne for filologistudentar. Avdeling for skandinavistikk held til i det nye språkhuset, Babel, som delvis er utbygd med nordisk støtte. For eit så marginalet språk som norsk trass alt er i Estland, er det inga enkel oppgåve å halde oppe eit sikkeleg fagmiljø. Det meste av tida har avdelinga hatt hjelp av ein lektor frå Noreg. Sidan hausten 2003 er det Kjell Fredrikson som har passa på at det finst noko ekte norsk på norskstudiet. Han er sendelektor, det vil seie at han er tilsett av utanriksdepartementet i Oslo for å undervise i norsk ved eit utanlandsk universitet.

– Formelt er eg ikkje ferdig utdanna lektor, men eg har ganske lang erfaring frå skuleverket. Eg har arbeidd både i grunnskulen, i vidaregåande skule, på folkehøgskule og med vaksenopplæring. Eg har òg vore reiselærer i Finland i to periodar og vitja alt frå universitet til grunnskular. Der snakka eg om Noreg på norsk, stort sett i finsspråklege klassar der eg vart nytta som motiverande faktor i svenskundervisninga. Prinsippet var at om du kan svensk, så kan du norsk òg.

No er Kjell midtvegs i det siste året i perioden sin i Estland, for eit sendelektorat er utlyst for to år om gongen. Det er mogleg å få forlenging, men Kjell veit førebels ikkje om han har høve til det av private årsaker. Lyst har han i alle fall. I år underviser han eit førsteårskull, og ein lærar ønskjer sjølv sagt å sjå korleis det går med studentane som skal nå bachelor-nivå om to og eit halvt år, fortel Kjell til Estlands-nytt.

– Det året eg kom, var det siste året for studentane som gjekk etter den gamle ordninga med ein fireårig bachelor-grad pluss eventuelt to år til for å bli magister. No har heile universitetet gått over til den nye 3+2-modellen, som tilpassar systemet til ein internasjonal modell med kortare kurs og moduloppbygging.

Fine arbeidsforhold

Kjell har stor fridom og stort ansvar i å legge til rette studiet. Ikkje berre er norsk eit lite fag, men det er ein del av eit universitetssystem i stadig endring. Då er det ikkje berre å resirkulere gamle kurs og fagplanar. Det er heilt andre krav til førsteårsstudentar i norsk no enn det var for nokre år sidan, fortel han. Alle studentane må gjennom skriftlege og muntlege opptaksprøver som føreset kjennskap til skandinavisk. Dermed har dei ei aning om kva dei går til.

Det fysiske arbeidsmiljøet ved avdelinga svarar ikkje til fordommar om Aust-Europa som ein del nordmenn har. Kjell har faktisk ikkje arbeidd i så gode lokale på nokon norsk skule, og det er i alle fall ikkje det som gjer det vanskeleg å vere norskstudent i Tartu. Slik lektoren ser det, er studentane både dyktige, velvillige og motiverte.

– Likevel slår det meg korleis dei stadig blir jaga av dette nye universitetssystemet, som føreset at dei heile tida held på med allslags småplukk og mindre eksamenar. Sjølv om dei har norsk som hovudemne, er dei alltid opptekne med mange andre sidefag og prøver.

Sjølv om Kjell får ei spesiell rolle som den einaste nordmannen, er han ikkje åleine om å skape fagmiljøet. Han fortel

om kompetente samarbeidspartnarar både blant tidlegare studentar og kollegaer frå dei andre nordiske språka.

– Ikkje minst har eg ein dyktig estisk assistent, Kristel Zilmer, som har drive med norsk her i mange år. Det er fruktbart å ha både ein lærar utanfrå og ein frå systemet.

Mangfald i motivasjon


Norsk er ikkje noko stort eller spesielt viktig språk. Kva er det som får ein estar til å dra til Tartu for å lære seg norsk? Er det berre eit spørsmål om å kome seg til det eksotiske Noreg? Kjell synest studentane har mange ulike motiv, frå dei jordnære og praktiske til dei meir idealistiske eller svevande. For tida er det to hovudgrupper av norskstudentar. Ein fem-sju stykke er i slutfasen og studerer etter den gamle modellen. Den største gruppa er dei tolv studentane som byrja i haust og framleis er i grunnopplæring. Til våren tek dei fatt på ein systematisk gjennomgang av grammatikken, men alt no kan dei nok til å lese skjønnlitteratur utan større vanskar.

Norsk og nordisk

Som hovudstudium må skandinavistikkstudentane velje eitt av dei tre store språka: norsk, svensk eller dansk. Samstundes som hovudvekta ligg på dette eine språket er det gode grunnar til å sjå på det skandinaviske språkområdet som eitt språksamfunn.

– Eg synest vi tek til å få litt sving på dette med det nye kurset som går no. Jamført med dei gamle kursa er vi no klarare skandinavisk innretta. Alle norskstudentane les svensk og dansk i tillegg til dei to norske målformene. Studentane lærer seg å sjå linene mellom hovudspråket sitt og dei andre skandinaviske språka.

Likevel trur Kjell at ein norskfilolog frå universitetet i Tartu først og fremst vil oppleve seg som norsk-utdanna. Det at studentane har ein grunnleggjande kjennskap til



Kjell Fredrikson på kontoret sitt i Tartu.

dei nærskyldte grannespråka er likevel både naturleg og rimeleg, og slik undervisninga fungerer no, får dei med seg såpass med smakebitar at dei har eit visst grep om det.

Å bli kvitt svensken

Ettersom opptaksprøvene krev kunnskapar i anten norsk, svensk eller dansk, har om lag halvparten av norskstudentane bakgrunn med svensk, får vi høyre. Det vanskelegaste for desse studentane er dei delane av språkbruken som alt er muntleg automatisert. Nesten ingen nordmenn korrigerer dei når det kjem svenske ord, for alle forstår det dei seier. Om ein skulle hake på folk kvar gong noko slikt dukka opp, kunne ein heller ikkje halde i gang ein levande samtale. Problemet er kva detaljnivå ein skal sikte seg inn på – kva feil blir for

små til at det er meining i å rette dei? Ein vokalnyanse? Det er i alle fall ein lang prosess å bli medviten om desse små tinga. I det praktiske arbeidslivet vil det vanlegvis gå greitt. Mange av studentane kjem til å arbeide i turistnæringa, og då kan dei kanskje sjarmere både nordmenn og svenskar med aksenten sin, meiner Kjell.

Filologi – forskning eller brukspråk?

Språkopplæring kan gjerast på mange måtar med ulik vektlegging. Ei universitetsutdanning er ikkje det same som eit praktisk språkkurs, forklarar lektoren.

– Norskutdanninga her er filologisk. Det vil seie at dei i tillegg til rein språklæring må arbeide med ei heil rekkje andre emne knytt til både språk, litteratur og kultur. Sentralt står sjølvstendig norsk litteratur og språkvitskap i vid forstand.

Ein stor del av studentane er praktisk orienterte. Opplever dei den filologiske tilnærminga som fruktbar? Og korleis balan-

serer ein dei ulike omsyna til dei som skal bruke språket praktisk og dei som først og fremst er interesserte i filologisk akademisk verksemd? Lektoren meiner nøkkelen er å gjere den teoretiske eller litterære tilnærminga jordnær nok til at det er mogleg å knyte ho til noko praktisk. Det må ikkje bli for fjernt.

